

Tilsvar til Åge Starheim sitt utmeldingsbrev

Tilsvaret omhandlar dei delane av utmeldingsbrevet som vedkjem underteikna og perioden då eg var fylkesleiar, kritikk mot partiet og nye hendingar må dagens fylkesleiar svare for.

Åge Starheim hevdar at den omtalte revisjonsrapporten er ”svært kritisk til tidlegare fylkesleiar si økonomihandtering”. Dette er direkte feil. Revisjonsrapporten gjev bemerkningar til Sogn og Fjordane FrP sine vedtekne økonomirutinar, og ikkje til handteringa av rutinane. Rutinane vart vedteken av fylkesstyret i 2012 og endra i januar 2013. I denne perioden var Åge Starheim nestleiar i fylkespartiet, og var sjølv involvert i både økonomistyringa og dei vedtekne rutinane. At han vel å kritisere underteikna for å handtere eit økonomireglement som han sjølv har vore med å vedteke verkar noko underleg. Revisjonen påpeikar ingen brot på fylkesstyret sitt vedtekne reglement.

Starheim nyttar seg av Dagbaldet sine påstandar i utmeldingsbrevet sitt, og dette har vore tilbakevist fleire gonger. Det er ikkje riktig at reisekostnader er refundert utan tilstrekkelig dokumentasjon, og det har og revisor slått fast i den nemnde revisjonsrapporten. Det manglar to papirbilag på reiserekningar tilbake i 2012. Desse gjeld to andre styremedlemmer enn underteikna, og det var heller ikkje underteikna som førte rekneskap på det tidspunktet. At det manglar reiserekning betyr likevel ikkje at ikkje reiseutgiften er tilstrekkeleg dokumentert.

At det ikkje har vore kontroll på utbetalingane er ikkje riktig. Det har vore vedteke budsjett og handsama rekneskap for alle tre åra, og rutinane har vore ihht det vedtekne reglementet.

At størstedelen av reiseaktiviteten i Sogn og Fjordane FrP har vore utført av underteikna burde ikkje komme som nokon stor overrasking på Starheim, og er sjølv sagt heilt naturleg. Sidan 2010, har eg vore både fylkesleiar, fylkesgruppeleiar og handtert dei fleste merkantile funksjonane i fylkespartiet. At størstedelen av reisekostnadane då knytt seg til underteikna sine reiser, er heilt naturleg.

Det vart ikkje kjøpt inn ein valkamptilhengar utan faktura. Fylkeslaget fekk eit tilbod på ein tilhengar. Tilbodet vart handsama av to organ i fylkeslaget, blant anna fylkesstyret. Starheim var sjølv med på møtet som godkjente kjøpet og prisen. Det vart skrevet endringsmelding og pengane vart overført forhandlaren. Dette er meir enn god nok dokumentasjon på kjøpet og eigarskapen, sjølv om personen som henta hengaren ikkje fekk ein papirkvittering på hentinga.

Fylkesårsmøtet måtte ikkje utsettast grunna ”den tidlegare leiaren si lemfeldige haldning til lover og reglar”. Fylkesstyret vedtok å nytte Deloitte som revisor 16. Januar, og det var ikkje nok tid til å få ferdig revisjonsberetningane til den 23. Januar då vi hadde planlagt årsmøte. Revisjonen var ikkje ferdig før ein månad seinare, og då først kunne fylkesårsmøtet avholdast.

Når det gjeld påstanden om at BI-professor Hans Robert Scwencke skal ha sagt at økonomistyringa i Sogn og Fjordane FrP var eit brot på norsk lov, så burde Starheim høyre intervjuet som NRK Sogn og Fjordane hadde med Schwencke i forrige veke, der han går tilbake på uttalelsen til Dagbladet, og seier at det ser ut til å ikkje være brot på norsk lov. I den forbindelse kan ein og syne til revisor si skriftelge beretning, som slår klart og tydeleg fast følgjande: ” *leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg* ”

Starheim syner til Sogn og Fjordane si oppsamla gjeld, og hevdar at det ikkje er teke høgde for dette i budsjetta. Dette er og feil, då dette er gjort opp i balansen, og allereie ferdig nedbetalt, med unntak av ei uavklart fordring med hovudorganisasjonen i FrP.

Starheim syns og at det er merkeleg at folk som utfører heiltidsarbeid for organisasjonen får kompensasjon for det. Fylkestingsgruppa, der Åge Starheim var Fylkesstyret sin representant, vedtok i 2011 eit eige reglement for godtgjersler, der og vederlag for tapt arbeidsinntekt inngjekk. Regulativet skal sikre at personar i partiet som på grunn av verva og arbeidsmengda i partiet, ikkje har høve til å være i anna inntektsbringande arbeid skal ha ein viss kompensasjon for dette. Regulativet er forøvrig tilsvarende regulativet til Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Starheim gjentek stadig i sitt brev at det har foregått ulovligheter i fylkespartiet, og det er beviseleg feil. Revisor, som Starheim sjølv syner til i sin kritikk, slår fast at rekneskapen og økonomihandtringa er gjort innanfor ”norsk lov, og bokføringsskikk i Noreg”. At Starheim vel å gjennta påstandane med håp om at det skal verte sant om gjenntek det fleire gonger, seier meir om Starheim enn det gjer om partiet og underteikna.

Frank Willy